

Nordhordland Utviklingsselskap IKS – Budsjettføresetnadar 2016 og kommentarar

Generelt

I budsjettet for 2016 er der lagt inn innbetaling frå medlemskommunane på kr 9,4 mill., inklusiv innbetaling til spesielle prosjekt. Det er ein stor auke frå 2015 på 2,7 %. Det er noko mindre enn forventa lønns- og prisauke. Det skuldast at innbetalinga til prosjekt 4 IKT-strategi er satt uendra.

Det er ein usikkerheit knytt til dei eksterne inntektene som er budsjettert til dei ulike prosjekta. Dette skuldast at me ikkje veit kor mykje prosjektstøtte me vil få frå ulike søknadssteder. Vidare vil det vera ein usikkerheit knytt til inntekt frå arbeidet med helsehuset. Uavhengig om vi får ekstern finansiering av desse prosjekta, så er dette prosjekt som regionen ønskjer skal gjennomførast. Det som står oppført på prosjekt 25 helsehuset i budsjettet, er det som går på utvikling av tenestene som skal vere i huset. Sjølve investeringsprosjektet vil bli ivaretake av eit eige selskap.

Me foreslår difor at ein gjev ei generell løyve til å nytte inntil 1 mill. kr frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert. Den fullmakta til å kunne nytte midlar frå disposisjonsfondet vil særleg vere aktuell til å finansiere prosjekta kommunestruktur, samhandling helse, biosfære og eventuelt den generelle drifta til Regionrådet.

Det vil også kunne vere aktuelt å söke om prosjektinntekter for å finansiere eksisterande eller nye prosjekt. Den auken i eksterne inntekter vil kunne gi ein tilsvarende auke i kostnadane, men det skal ikkje føre til auka kostnadar for kommunane.

Det er budsjettert med 4 % lønns-og prisauke i 2016. Det er budsjettert med 7 årsverk. I 2015 har det første halvår vore 7 årsverk, medan det andre halvår har vore 8 årsverk.

Pensjonskostnadane er usikre. Budsjettet tek utgangspunkt i prognosene frå KLP. Me samlar alle lønnskostnadene og faste kostnadene som er knytt til husleige, IKT, telefoner m.v. på prosjekt 1, med unntak av prosjekt 4 IKT der er vert lønnskostnadene belasta direkte på prosjektet. Kostnadane vert så fordelt på dei ulike prosjekta med å bruke artane 12900 – interne kostnadar / 17900 – interne inntekter.

Direkte kostnadar som kurs, opplæring, kontingentar, reise m.v. vert ført direkte på kvart einskild prosjekt.

Kommentar til nokre av prosjekta og dei forslaga som er til budsjett for 2016

1 – Administrasjon – drifta av Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Inntekter

- Medlemskontingent kommunane – aukar med 4% - kr 142.000,- til kr 3.695.000,-
- Kommunane sin kontingent BRB – kr 445.000,- 10 kr pr. innbyggjar – uendra sats pr. innbyggjar
- Kompetanseprosjektet – kr 376.000,- . Auke på 4 %.
Kontingent BRB og kompetanseprosjektet har ein tilsvarende kostnadspost hos NUI
- Interne inntekter – i og med at NUI administrerer ein del prosjekt og gjer ein jobb for desse så må NUI ha betalt for dette. Da må dei ulike prosjekta belastast ein intern kostnad, og prosjekt 1 får ein intern inntekt på 2,5 mill. kr.

9 – sekretariat kontrollutvala

Inntekter

- Budsjettet med kr 665.000,- i inntekt frå kommunane, det er ein auke på 4 %. Vert fordelt med kr 60.000 som ein fast sats pr. kommune og resten etter folketal.
- Det er budsjettet å bruke kr 27.000,- frå fondet.

Kostnader

- Der er tenkt å nytte om lag 0,6 årsverk.

24 – Samhandlingsprosjektet og 25 – Helsehus prosjektet

Desse to prosjekta må sjåast i samanheng

Inntekter

- I 2016 budsjetterer me med 500.000 i prosjektinntekter.

Kostnadar

- Utover prosjektrelaterte oppgåver ser ein at prosjektleiar gjer mange oppgåver som er direkte knytt opp mot kommunane si oppfølging av samarbeidsavtalar med helseføretak og sjukehus. Dette er særleg retta mot arbeid i Samarbeidssekretariatet og arbeidsoppgåver/roller i samarbeidsstrukturen mellom kommunar og sjukehus.

35 – Kommunestruktur

Arbeidet med å sjå på Nordhordland som ein kommune vil fortsette i 2016. Kommunane må fatte endelig vedtak innan juni 2016. Vil søke om prosjektmidlar også for 2016.

32 – Biosfære

Inntekter

- Det er budsjettet med kr 469.000 frå kommunane (+ Øygarden kr 53.000) og kr 883.000 i midlar frå eksternt.

Kostnader

- Det er budsjettet med kjøp av tenester for 667.000,-. Den interne ressursbruken er satt til kr 685.000,-.

4 – IKT strategi

Budsjetterer med same som 2014.

37 – Etablerarprogrammet

Her er det lagt inn eit budsjett på 140.000. Finansieringa er usikker då fylkeskommunen ikkje støtter lengre, men me ser nærmare på andre støtte- /finansieringsordningar. Det vil ikkje påløpe noko aktivitet før vi er sikre på at der er dekning på budsjett.

Andre prosjekt

Det er nokon prosjekt som er på vei ut:

- 6 – Strategisk samfunns- og næringsutviklingsplan - skal etter planen avsluttast i 2015
- 14, 15 og 16 – Næringsfonda – har ikkje midlar igjen

Prosjekt 3 rådmannsgruppa – kan vere aktuell, men må da få påfyll av midlar.

Til dei andre prosjekta har me ikkje nokon særskilte kommentarar til prosjekta. Dei er dekka med prosjektmidlar eller bruk av fond. Slik vi vurderer det skal det ikkje vere nokon risiko med omsyn til finansiering i desse prosjekta.

Knarvik, 30. november 2015



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingselskap IKS

Vedlegg:

- Budsjett 2016